



DEN NORSKE KYRKJA

Fjærland sokneråd

Fjærland 05.11.20

Referat frå møte i Fjærland sokneråd

Møtedato: 3. november 2020

Møtetid: 1700-1900

Møtestad: Fjærland kyrkje

Tilstades:

Siv Jane Rauboti, Berit Orheim, Mikael Bruun, Nils Distad, Grete Mundal, Kari Bøyum Skeide

Ord for dagen v/Mikael: Frå Markus 10, 28-31

Innkalling og referat frå sist møte godkjend.

Referat:

Sak 28/20 **Hautfesten for 70 +, evaluering**

Vedtak: Hyggjeleg haustfest med opplegg i samsvar med smittervernreglane. 20 deltakarar. Program v/Eyvind Ødegård gjekk ut då han melde fråfall på kort varsel. Mikael og Berit hadde korte opplesingar i "reserve". Punkt om reserveprogram bør inn i rutina for haustfest.

Sak 29/20 **Halvårsplanen haust 2020**

Vedtak: Høgmessa 3/1 vert flytta til 10/1-21 kl 1500.

Andakten 18/11: Varsla nye og strengare smittevernreglar gjer at vi anten flyttar andakten til kyrkja, eller avlyser.

Julekonserten 15/12: Kyrkja er nesten fullsett på desse konsertane. For å gje rom for fleire publikum vil skulen ikkje delta i programmet. Vi har plass til maks 70 og må ha påmelding for å ha god kontroll.

Skuleavslutning og påfølgjande samling i kyrkja 18/12: Kan bli avlyst. Skulen har ikkje vedteke om dei kan arrangere avslutning som vanleg dette året.

Sak 30/20 **Ny kyrkjeleg organisering**

Mikael orienterte om endringar som kjem som følgje av kyrkja si lausriving frå staten. Stikkord: avklaring av arbeidsgjevaransvar for kyrkjeleg tilsette, følgjer for bispeembeta sitt arbeid og ansvarsområde, valordninga for kyrkja samt tilhøvet kyrkje – kommune, økonomi og ansvar her.

Høyringsdokument vil peike på ulike løysingar og konsekvensar av desse, og sokneråda vil få desse til uttale etterkvart som dokumenta ligg føre. Det er no høve til å gje innspel om kva høyringsdokumenta bør ta opp.

Heile prosessen er venta å vere avslutta i 2023.

Sak 31/20 **Takkebrev til frivillige**

Vedtak: Fjærland sokn ønskjer sjølv å ha hand om takkehelsingar til frivillige som går ut av tenesta.

Vi treng å avklare kven som skal ha slik helsing, då mange er inne og gjer eit stykke frivillig arbeid kan hende berre ein gong i året, dugnadar eller anna. Det er ein viss skilnad på dette og dei som står i faste oppgåver over lang tid, dessutan vanskeleg å halde oversyn på kven som gjer frivillig arbeid slik "i det små".

All innsats er verdifull, og kyrkja vil berre bli meir avhengig av frivillige sin innsats framover. Soknerådet vil vurdere om ein lokal medarbeidarfest bør vere eit supplement til takkebrev.

Sak 32/20 Reingjering av kyrkjene og backup for kyrkjetenar

Vedtak: Kyrkja vår er sjeldan i bruk, og med det "sjølvrensande" etter smittevernreglane. Dersom det blir eit akutt behov for ekstra reingjering, kan medlemmer i soknerådet ordne dette på kort varsel.

Vi har pr i dag ein person som kan ta kyrkjetenaroppgåva på sparket, men må arbeide for å få fleire.

Sak 33/20 Ymse

- **Reorgansiering/justering av gudstenesteordninga** Eigen komite for dette arbeidet skal ha sitt fyrste møte no i november.
- **Koronatiltaka som gjeld etter innstramminga 26.10.20** handlar om det same som tidlegare: Spriting, meteravstand mellom folk, registrering av frammøtte med navn/telefon og minst muleg handsaming av inventar eller anna.
- **Førespurnad om samarbeid kring sundagsskule** Denne saka vert sendt til Trusopplæringsutvalet.

Orienteringssaker**Sak 34/20 Oppsummering/kort orientering om møter i**

Fellesrådet: Kaupanger gravlund er stadfesta ferdig bygd etter gjeldande reglar og vedtekter. Miguel Espinoza er tilsett som organist i Balestrand sokn, 30% stilling.

Trusopplæringsutvalet: Det blir Tårnagent-samling i Ølmheim kyrkje i januar. Andreas Danbolt la fram plan for konfirmantåret 2021.

Diakoniutvalet: Vil arbeide for å få Diakoniens dag i alle sokn. Har utsett sak om eige program i alle kyrkjene grunna smittesituasjonen.

Frå kyrkjekontoret: Smitteverntiltak hindrar ikkje innflytting i Stedjetunet. Dei tilsette har heimekontor på skift.

Neste møte: onsdag 2. desember kl 1700 i kyrkja

For Fjærland sokneråd

Berit Orheim

- skrivar